Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2022/152-35
Saksbehandlar: Simen Storøy

SAKSFRAMLEGG

1.gongs handsaming av kommunedelplan for naturmangfald - høyring og offentleg ettersyn.

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Forslag til kommunedelplan for naturmangfald– naturmangfaldplan for Hjartdal kommune 2025-2028 - sendast ut på høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova pbl § 11-14.

Saksopplysningar

Den 15.12.2021 vedtok eit einstemmig kommunestyre at det skulle søkast midlar i 2022 til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. I 2022 var Hjartdal kommune ein av fleire kommunar som fekk tildelt tilskot frå Miljødirektoratet (MD) på 150 000 kroner til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Målet med ordninga er å styrke naturforvaltninga i kommunane og bidra til større medvit rundt eigne naturverdiar.

Det vart varsla oppstart av planarbeid samt høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet for kommunedelplanen den 14.09.2022. Planprogrammet vart fastsett av kommunestyret i sak 58/22 den 14.12.2022. Prosessen med utarbeiding av kommunedelplanen har teke noko tid. Dette skuldast fleire forhold, som sjukdom i administrasjonen, men òg at det undervegs i planarbeidet har vore igangsett anna planarbeid, som kulturmiljøplan og kommuneplanen sin arealdel. Dette er planarbeid som det har vore viktig å sjå i samanheng for å sikre ein heilskapleg plan.

Grunna redusera kapasitet ved samfunnsutviklingsavdelinga vart det naudsynt å nytte konsulent for sluttføring av planarbeidet. Ein valde då nytte seg av bistand frå kulturlandskapssenteret til sluttføring av planforslaget. Oppstartsmøte vart gjennomført den 23.01.2025, og planforslaget som no ligg føre er eit resultat av eit godt samarbeid mellom kulturlandskapssentret og samfunnsutviklingsavdelinga.

Vurdering

I naturmangfaldlova er naturmangfald definert som «*biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning*».

Naturmangfald kan også seiast å vera summen av alt mangfald i naturen, frå mangfald av økosystem og naturtypar på øvste nivå til mangfald av artar og genetisk variasjon innafor desse att på det nedste. I tillegg kjem dei økologiske samanhengane artane og økosystema seg i mellom.

Naturmangfald er eit komplekst tema og rommar veldig mykje. Dei store samanhengane kan vera litt uhandgripelege, og nett difor kan ein kommunedelplan bidra til og gjera tema mogleg og handtera i ein lokal storleik. Etter kommunedirektørens vurdering vil forslaget til kommunedelplan for naturmangfald som no er til handsaming vere eit godt og nyttig verktøy for å setje fokus på naturmangfaldet i kommunen.

Det er ein kjensgjerning at ein av dei største truslane mot naturmangfaldet i Hjartdal og i verden elles er nedbygging av areal. Difor er det heilt avgjerande at kommunane har ei oversikt over naturtypar, artar og deira leveområde. Arealendringar er det definera som det største trugsmålet mot naturmangfaldet i Noreg. Difor er det spesielt viktig å sikre ei heilskapleg arealplanlegging, der samla verknadar av ulike tiltak sjåast i samanheng.

Kommunedelplan for naturmangfald er eit viktig verktøy for å få til dette. Den kan nyttast både til å samle og spreie informasjon om naturverdiane ein har i kommunen.

Eit anna alvorleg trugsmål mot naturmangfaldet er spreiing av framande artar. Naturmangfaldplanen er eit viktig verktøy for å gje informasjon og hindre ytterlegare spreiing av uønskte framande artar.

Truga artar og naturtypar blir ofte særs kostbare «syndebukkar» når store prosjekt blir sett på vent eller må endrast. Ofte er det ikkje naturmangfaldet i seg sjølv som er grunnen til meirkostnaden, meir at utgreiingane i førekant har vore for dårlege. Naturverdiar bør tidlegast mogleg med i vurderinga. Det vil generelt gjeva både raskare og rimelegare prosessar, noko som er forankra i båe mål og strategiar i planen samt at det er innarbeida som tiltak i handlingsdelen i planforslaget som skal sikre at dette vert vurdera tidleg i saksgangen.

Hovudføremålet med planen er å sikre ivaretaking av viktige og verdifulle naturområde, naturtypar og artar – fyrst og fremst gjennom auka kunnskap. Ei systematisk og heilskapleg framstilling av naturmangfaldet i eigen kommune vil gjera både politikare og administrasjonen tryggare på vurderingane som skal gjerast i samband med arealplanlegging og sakshandsaming.

Etter kommunedirktørens syn vil kommunedelplanen bidra til nettopp dette, og til å sikre eit betre grunnlag for avgjersler når ulike interesser vegast mot kvarandre, forenkle sakshandsaminga og skape meir føreseielegheit for dei involvera partane.

Det er eit eige mål å utløyse engasjement og oppfordre til medverknad og eigarskap til planen gjennom høyring og offentleg ettersyn. Kommunedelplanen kan bidra til å setje endå meir fokus på naturen i Hjartdal kommune. Målgruppa for planen er vid og spenner frå administrasjon og folkevalde til innbyggarar, hyttefolk og andre tilreisande. Kommunedirektøren tilrår difor at saka vert sendt ut på ei brei høyring.

Vidare saksbehandling

Forslag til naturmangfaldsplan blir sendt på brei høyring og offentleg ettersyn.

I tillegg vil utval for plan og utvikling få saka til orientering i høyringa.

Etter høyring/offentleg ettersyn blir alle innspel og merknader vurdera og eventuelle forslag til endringar i planforslaget blir lagt fram for 2.gongsbehandling i formannskapet og sluttbehandling i kommunestyret.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at den tematiske kommunedelplanen for naturmangfald blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i minst seks veker i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-14.